



## Møteinkalling

**Utval:** Fitjar sokneråd

**Møtestad:** Kyrkjekontoret

**Dato:** Torsdag 30. august 2018

**Tid:** Kl. 18.30

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802.

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskild innkalling.

### Innkallinga er sendt til:

Namn	Funksjon
Sigrid Marie Fangel	Leiar
Gunnvald Aarbø	Nestleiar
Helga Olsen Aadland	Medlem
Terje Havro	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem <b>N.B. Ord for dagen</b>
Bodil Nesse	Medlem
Rasmus Fitjar	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Fridleif Lydersen	Sokneprest
Sigurd Andre` Maraas	Kommunal representant
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Åse Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten
Agnar Aarskog	Vara for kommunal representant

Fitjar, 27. august -2018

Sigrid Marie Fangel

Harald Rydland

Soknerådsleiar

Kyrkjeverje

### Sakliste:

#### Saksnr. Tittel

#### Sak for communal representant

S-41/18	Tilsetjing av trusopplærar ( <b>Ikkje offentleg</b> )
S-42/18	Referat frå sist møte
S-43/18	Meldingssaker
S-44/18	Open post

X

X

X

X



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

#### **Sak 41/18: Tilsetjing av trusopplærar (Ikkje offentleg iflg. off.lova § 25)**

På siste soknerådsmøte før sommaren vart det gjort slikt vedtak:

1. *Fitjar sokn skal snarast råd lysa etter trusopplærar i 80% stilling. Det er ein føresetnad at løvinga frå kommunen, som skal dekka løn til kyrkjetenar og klokkar, kan overførast til trusopplæring og ungdomsarbeid.*
2. *Soknerådet sitt arbeidsutval får fullmakt til å gjennomføra utlysing og anna førebuing som må til før tilsetjing. Sjølve tilsetjinga skal gjerast av soknerådet.*
3. *Dersom ein får på plass ein dugande trusopplærar, vil soknerådet vurdera avvikling av stillinga som kyrkjelydsprest i Fitjar samt retningslinjer for fondet som er oppretta til inntekt for kyrkjelydsprest.*

Stillinga som trusopplærar i Fitjar har no vore utlyst hos NAV, i Bladet Sunnhordland og på kyrkja si heimeside. Søknadsfristen vart sett til 15. august. Det har komme inn fem søknader. Desse er frå:

1. Slavisa Josifovic
2. Linda Beate Peters
3. Elen Kristine Myhre
4. Randi Lønning Matre
5. Elisabeth Vatland Fauskanger

To av søkerane har vore inne til intervju. Soknerådsleiaren, soknepresten, kyrkjeverja og påtroppende sokneprest Roald Drønen var med på intervjuet.

Soknerådet sitt arbeidsutval kjem med tilråding til kven som bør tilsettast. Sidan behandlinga av saka er unntake innsyn etter offentleglova § 25, vil tilrådinga kun verta gjort kjend for dei som skal delta i møte. Dei kan få utlevert tilrådinga ved å kontakta soknerådsleiaren.

Meir informasjon om saka vert lagt fram i møte.

#### **Framlegg til vedtak:**

1. \_\_\_\_\_ vert tilsett som trusopplærar i 80% stilling i Fitjar sokn. Kyrkjeverja får fullmakt til å gjera avtale om løn og anna som måtte vedkomma arbeidsforholdet.
2. Dersom \_\_\_\_\_ ikke tek imot stillinga får \_\_\_\_\_ tilbod om tilsetjing.

#### **Sak 42/18: Referat frå sist møte**

Referatet frå møte den 13. juni 2018 har medlemene fått tilsendt og godkjent tidlegare. Det endelege referatet hadde me ikkje fått lagt ut på heimesida til Fitjar kyrkje før innkallinga vart sendt ut.

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 13. juni 2018.

#### **Sak 43/18: Meldingssaker**

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Rekruttering av kyrkjevertar
2. Inspirasjonssamling for sokneråd og stab
3. Møteplan for hausten

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek meldingane til orientering

#### **Sak 44/18: Open post**